

Voss Musikkråd
Pb 417
5702 Voss

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 27. JANUAR 2011.

Frammøte: Frå styret: Brynjulv Norheim, Øystein Dahl, Aslak Himle og Sniálvur Joanesarson
Frå valnemnda: Tone Handegård
Medlemmer: Musikklinja Voss Gymnas v/ Margit Mørkve Botterill,
Orkesteret Fossegrimen v/ Peder Ringdal, Bygdaklang v/ Lars Kvamsdal,
Vossagospel v/ Linda K. Kristinsson og Randi Iversen Stalheim,
Vossestrand barnekor v/ Ellen Marie Selland Geithung, Voss Spelemannslag
v/ Sniálvur Joanesarson, Voss Musikklag v/ Øystein Dahl

1. **Godkjenning av saklista:** Ingen merknad til sakliste eller innkalling. Innkomne saker: ingen.
2. **Val av møteleiar og skrivar:** Brynjulv Norheim vart møteleiar og Øystein Dahl vart skrivar.
3. **Årsmelding:** Leiar gjekk gjennom årsmeldinga for 2010. Årsmeldinga godkjent med merknad om feil namn i valnemnda som vert retta opp.

Det vart også diskutert framtida til "gamle kinoen" og årsmøtet ba styret om å følgje opp denne saka og delta aktiv i ei evt. byggenemnd for ombygging av den gamle kinosalen. Dette med fokus på akustikk og andre behov brukarane måtte ha.

4. **Rekneskap:** Godkjent utan merknader.
5. **Val:** Valnemnda sitt framlegg til nytt styre vart einstemmig vedteke:

Brynjulv Norheim	leiar	(1 år)
Kjartan Ringheim	kass.	(2 år)
Øystein Dahl	skrivar	(ikkje på val)
Sniálvur Joanesarson	styremedl.	(ikkje på val)
Aslak Himle	styremedl.	(2 år)
Knut Brunvoll	1. vara.	(1 år)
Terje Støve	2. vara.	(1 år)
Brynjulv Prestegard	3. vara	(1 år)

Revisjon: Jostein Bøyum og Kirsten Takvam (attval)

Ny valnemnd for 2011: Åslaug Styve Mjånes (leiar) (ikkje på val)
Grete Søvik (ikkje på val)
Ellen Marie Selland Geithung (ny)

Vedlegg: Innkalling, Årsmelding, Rekneskap og Valnemnda sitt framlegg til nytt styre

Skrivar Øystein Dahl